



Medlemer og varamedlemer i Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-17  
Journalpostid: 21/4844

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode  
K1-033  
Dato:  
07.06.2021

## Møtebok 01.06.2021 kl. 10.00 – 11.00

### Sak 30

#### Godkjenning av møtebok.

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

### Sak 31

#### Uteområdet ved bygdaheimen.

Det har vore diskusjonar både om kva for apparat som ville kunne tena føremålet best, og ikkje minst best mogleg plassering av apparat slik at både bebuarar og andre kan nytta dei utan å forstyrre bebuarane på bygdaheimen for mykje. Slik det ser ut no vil me satsa på ei bru plassert i Sansehagen. Her er det tilstrekkeleg med plass, og tilsette på bygdaheimen meiner ei slik plassering er akseptabel i høve andre omsyn ein må ta. (bilete av ei bru som vil likna på den som kjem på bygdaheimen er vedlagt).

Kostnaden for sjølve apparatet er ca. kr. 62000. Frakt, montering og tilrettelegging kjem i tillegg.

Sentrumskomiteen har diskutert behovet for ulike apparat i sentrum til nytte og glede for tilreisande og fastbuande. Eit samarbeid her kan kanskje gje gunstigare pris. Rådet tek kontakt med Sentrumskomiteen v/sekretær og inviterer til slikt samarbeid.

### Sak 32

#### Sansehagen

Då nye bygdaheimen var planlagt, var sansehage ein viktig del i avdelinga for demente. Etter som byggjinga nærma seg avslutning, vart det klart at det ikkje var midlar til å fullføra sansehagen. Det synst både bebuarane, dei tilsette og medlemene i Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er veldig skuffande.

Det har vore satsa mykje på tiltak for å auka livskvaliteten for dei eldre i politiske vedtak, rapportar og festtalar – no må desse fagre orda og omsetjast til handling.




Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil skriva brev til kommunen, og vil arbeida for at det vert avsett midlar på neste budsjett slik at planane for sansehagen vert realisert.

### Sak 33


#### Ymse

- Dagsturhytta, status. Lisbeth B. Celik frå kulturavdelinga var med på møtet. Me fekk oppdatering på status for dagsturhytta som har fått plassering på Varbergshaugen i Ø.Eidfjord. På grunn av arbeid med rassikringsrapport for området, er prosjektet sett på vent. Så snart området vert opna for nye tiltak, vil hytta verta bygd og Eidfjord få eit nytt og triveleg tilbod til fastbuande i alle aldrar. Plassering av hytta på Varbergshaugen gjer den tilgjengeleg og brukarvenleg. Det er godt med turstiar i området, flott kulturlandskap og eit godt tiltak i arbeidet for å betra folkehelsa.
- Rådet får med ujamne mellomrom klagar frå personar som går på kyrkjegarden. Det handlar mest om manglande vatning og grasklipping. Mange har ikkje høve til å vitja gravene til sine kjære så ofte som ynskjeleg av ulike grunnar. Det er mogleg å kjøpa tenester hjå kyrkja. (vedlagt brosjyre om tilbod og prisar for tenester på kyrkjegarden)

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Johanna Håbrekke.



Marete Sæbø (leiar)



Johanna Håbrekke

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune



Glenn Wiik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok